

ARBEIDSPLAN 2019

VALLDAL IDRETTSLAG

Valldal Idrettslag bygg si drift og aktivitet etter visjonen
”vi kan – vi VIL”

Utifrå tilgjengelege ressursar vil Valldal Idrettslag arbeide for å legge til rette for at alle skal kunne utøve fysisk aktivitet med bakgrunn i den enkelte sine ønskjer og behov.

All aktivitet skal bygge på norsk idrett sine grunnverdiar glede, fellesskap, helse og ærlegheit. Arbeid skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Organisasjon

Mål: Valldal IL skal ha ein organisasjon som støttar opp under aktivitet på ulike nivå i laget.
Arbeidsbelastning skal i størst mogeleg grad fordelast

Tiltak :

- styremedlemmar og tillitsvalde skal ha nødvendig kunnskap for å ivareta sine funksjonar
- arbeide for å opprette lønna sekretærfunksjon i minst 25 % stilling. Det må gjerast ei grundig vurdering av finansieringa
- Oppfylle krava om registrering og oppbevaring av personopplysningar; GDPR
- Lage plan for sikker lagring og oppbevaring av ulike lagsdokument (referat, protokollar, brev, planar mm)
- Planlegging av NM motbakkelop 2019
- Markering(ar) av at Valldal IL er 100 år i 2019

Anlegg-utstyr

Mål: Valldal IL skal til ei kvar tid ha anlegg og utstyr tilgjengeleg som samvarar med dei aktivitetar som laget driv. Det skal leggst vekt på vedlikehald og driftsrutiner.

Tiltak

- Følgje opp og rullere plan for anlegg og utstyr
- Bruke lønna personale til reinhald og vedlikehald.
- Speakeranlegg også for kunstgrasbane
- Halde fram planarbeid for reservearena, reserveløyper for ski/skiskyting
- Stell av grasmatte på Valldal stadion, ugras og nysåing
- Gjere ny vurdering på utskifting av grusdekke på friidrettsdelen på Valldal stadion. Alternativ med kun lysanlegg.
- Alternativ med drenering og asfaltering av område inn mot baksida av klubbhuset
- Gjere ferdig arbeid med rydding og organisering av garasje på klubbhuset og garasje for trakkemaskin
- Ny port og dør i garasje på klubbhuset
- Bord/benkar ved kunstgrasbane
- «hus» til fotballmål og utstyr på kunstgrasbana
- Straum til kiosken ved kunstgrasbane
- Opprydding av hoppbakkar

Likestilling og mangfold

Mål Oppretthalde fordeling mellom jenter/kvinner og gutar/menn når det gjeld aktive, trenarar, leiarar
Tilbud for personar med nedsett funksjonsevne
Inkludere innflyttarar i idrettslaget

Tiltak

- Utlån av utstyr
- Tilrettelegging av anlegg for ulike grupper brukarar
- Informasjon om kva tilbod som tilbod idrettslaget gjev

Økonomi

Mål: Valldal IL skal ha ein sunn, god og oversiktleg økonomi. Drifta skal årleg minimum gå i balanse og laget skal totalt ha ledige midlar tilsvarande 50 % av årlege inntekter. Det skal vere minst 320 betalande medlemmar. Alle som deltek i aktiv idrett for Valldal IL skal vere medlem i laget, andre som brukar laget sine anlegg og tilbod bør sterkt oppmodast til å teikne medlemskap.

Tiltak

- vedtekne budsjett for kvar enkelt undergruppe og Valldal IL vere retningsgjevande for drift
- det utarbeidast halvårleg rekneskapsrapport som skal leggjast fram for styret
- utarbeide forenkla kontoplan
- lage rutiner for kasserarane for kontroll og kontering av bilag
- betre rutiner med VIPPS og bankterminal
- verving av nye medlemmar for å nå målsetting. Argumentasjon for å vere medlem. Bruke eigne arrangement for marknadsføring og skaffe nye medlemmar.
- det gjennomførast fellestiltak som vil vere med å sikre økonomien i laget
 - Olsok i Valldal
 - Marknad
 - NM motbakkelop 2019 – Mefjellet opp

Informasjon

Mål Valldal IL skal informere om aktivitetar og arbeid både internt i laget og eksternt. Resultat skal i størst mogeleg grad publiserast.

Tiltak

- oppgradere nettside
- administrere facebookside for Valldal IL
- informasjon som vedkjem Valldal IL distribuerast til heile styret
- på styremøte skal det settast av tid til gjensidig informasjon
- lokal- og regionalpresse nyttast til informasjon om aktuelle saker, særleg når det gjeld aktivitet
- informasjon om arrangement og tiltak annonserast i lokalavis. Eigne flygeblad kan også brukast
- bruk av informasjonsskjermer, administrert av Fjordhagen.

Rekruttering - utdanning

Mål Valldal IL skal ha fokus på rekruttering av unge til aktivitet og idrett, men også ha tilbod til vaksne på ulike nivå og i ulike aktivitetar. Undergruppene har ansvar sine respektive særiddrettar. Det skal leggjast til rette for at medlemmar i Valldal IL kan utøve sin idrett på ulike ambisjonsnivå

Det må leggjast vekt på kompetanse mellom leiarar og trenarar. Det er viktig å halde seg til norsk idrett sine retningslinjer, spesielt for barneidrett.

Tiltak

- Valldal IL støttar opp under tiltak for å auke kunnskapen hos trenarar og leiarar
- Å jour oversikt over trenarar/leiarar der det er innhenta politiattest
- idrettskule frå hausten 2019 for aldersgruppa 6-9 år

ARBEIDSPLAN 2019

VALLDAL IL - DISKSPORT

Utdanning

Mål: Få på plass kvalifisert trenarkompetanse

Tiltak:

- Sende medlemmar som har motivasjon og ynskje på trenarkurs.

Representasjon

Mål: Delta på viktige arenaer for å utvikle og synleggjere sporten

Tiltak:

- Delta på nasjonalt klubbårmøte i Norsk Amerikanske Idretters forbund
- Få laga klubb t-skjorte og genser som kan brukast på trening, konkurransar og i andre samanhengar.

Aktivitet

Mål: Allsidig aktivitet for medlemmane gjennom heile året og halde bana på Jemtegård feriesenter god stand i samarbeid med eigarane

Tiltak:

- Arrangere banegjennomgang og dugnad før sesongoppstart, med planleggingsmøte og oppstartsfest.
- Arrangere dugnadar før Vårslepp og Jemtegård Open.
- Vekas runde kvar fredag i perioden 5.april-fredag 27.september. 12 hol. Oppmode medlemmane om å ta med hekksaks og klippe renning på dei første rundane.
- Arrangere påskekonkurrans på Jemtegård Feriesenter og puttekonkurrans på hamna som underhaldning og promotering av sporten. Del av hundreårsmarkering VIL?
- Måndagstreningar utandørs på Jemtegård Feriesenter april-september og innandørs i idrettshallen oktober-mars
- Arrangere Vårslepp laurdag 11.mai
- Arrangere Jemtegård Open laurdag 10.august
- Arrangere klubbmesterskap søndag 29.september
- Byrje planlegging av skiltplan og søknadar om midlar til permanent skilting av bana

Rekruttering

Mål: Fleire nye medlemmar inn i VIL Diskgolf

Tiltak:

- Marknadsføre dei opne måndagstreningane. Fordele oppsett på ansvar for treningane slik at nye interesserte kan få oppfølging og tips.
- Marknadsføre oss gjennom oppvisning på Olsok
- Henge opp plakatar og marknadsføre oss i Stordal også.
- Organisere omreisande «stunt» med berbar korg i dei omkringliggende bygdene

Resultat

Mål: Medlemmar som ynskjer det deltek på konkurransar både på regionalt og nasjonalt nivå

Tiltak:

- Delta på PCS Open på Vestnes, Sula Open, Norgescup, NM og vekas runde andre stader i nærleiken (Langevåg på tysdagar og Øverås på torsdagar og søndagar)

Økonomi

Mål: Skaffe tilstrekkeleg med midlar til å kunne gjennomføre arbeidsplanen

Tiltak:

- Oppmode brukarane av frisbeegolfbana på Jemtegård til å vippse eit beløp til VIL Diskgolf som vi brukar på å vedlikehalde bana
- Skaffe sponsorar til premier på arrangementa våre
- Vurdere sponsering av hol på bana og å tilby bedriftsaktivitetsopplegg
- Ta på oss dugnadsoppdrag dersom det skulle dukke opp
- Stille opp på dugnad på Olsok i Valldal for å kunne få del av årleg utbetaling frå hovudlaget
- Skaffe så mange deltakarar og publikum som mogleg til arrangementa våre gjennom marknadsføring på fb.sida til VIL, i fb.gruppa vår og klubbar vi samarbeider med. Legge ut plakatar på infoskjerpane til bedrifter i kommunen.

ARBEIDSPLAN 2019

VALLDAL IL - FOTBALL

UTDANNING

MÅL: Trenarkurs. Jobbe for å få til eit trenarkurs for alle trenarar som manglar dette, her i Valldal.

Tiltak:

- Snakke med kretsen for å høre kva som skal til for at nokon kan komme og halde kurs her. Samarbeide med NEG, Stranda, Stordal, Ørskog for å få det til.

MÅL: Keeperfokus. Få til treningar for keeperane som er spesifikt for dei. Oppfordre til å delta på keeperskule som vert arrangert ein på Blindheim om våren.

Tiltak:

- Finne keepertrenar og legge tilrette for treningar. Klubben betalar deltakeravgifta på keeperskulen.

MÅL: Dommarar. Fortsette den gode jobben med rekruttering og utdanning av dommarar.

Tiltak:

- tilby kurs til dommarar, legge tilrette for god opplæring og mentoring for nye som vil prøve seg som dommarar.

AKTIVITET

MÅL: Tine fotballskule. Skulen har vorte svært populær, og er eit tiltak som bidreg til auka mestringsfølelse innan fotball og nye bekjentskaper på tvers av alder, kjønn og bustad. Dette vil vi ha som ein fast aktivitet kvart år.

Tiltak:

- for å minske belastninga på Styret, sette ned ei arbeidsgruppe som kan jobbe med dette ut frå ein mal som allereie fungerer godt.

MÅL: Julegrendacup. Har også vorte ein ny og populær aktivitet på tvers av bygder, kjønn og alder. Dette vil vi fortsette med.

Tiltak:

- Sette ned ei arbeidsgruppe som kan jobbe med arrangementet, planlegge og evaluere.

REKRUTTERING

MÅL: Halde på dei spelarane vi har, og legge tilrette for at fleire vil bli med. Vere ekstra oppmerksom på overgangen frå barne til ungdomsfotball, då mange feller frå eller byttar klubb.

Tiltak:

- Alle lag skal ha fokus på sosialt samhold i laget, og ved sesongslutt ha ei avslutning for sesongen der ein gjer noko kjekt i lag. Fokus på fair play og at ein følgjer retningslinjene som gjeld for V.I.L. fotball. Jobbe for at spilleglede er i fokus og at alle har det bra på trening og kamp. Norway cup, Selje cup o.l. kan vere ein stor motivasjonsfaktor for mange spelarar til å fortsette med fotball inn i ungdomsåra. Fortsette sponsing med 800 kr pr spelar til Norway cup. Vurdere andre tiltak for at spelarar skal ha økonomi til å reise på desse cupane.

MÅL: Rekruttere/ halde på trenarar.

Tiltak:

- Symbolsk godtgjerdse til trenarar, . Sørge for at alle får tilbud om trenarkurs, klubben betalar kurset. Annonse i Storfjordnytt på hausten og på fb.

LIKESTILLING OG MANGFOLD

MÅL: Halde oppe den gode statistikken på antall gutar og jenter som er med på fotball.

Tiltak:

- Stimulere til at fleire jenter/damer vil vere trenarar og dommarar. Fokus på fair play, alle med!

ØKONOMI

MÅL: Alle skal ha råd til å vere med på fotball. Jobbe for å halde nede treningsavgifta til fotballgruppa, og unngå å sette iverk tiltak som fører til salg og ekstra arbeid og utgifter for spelarar/foreldre som t.d. kalendersalg som vi hadde før.

Tiltak:

- Jobbe for at dei tiltaka/aktivitetane vi kjører som kiosksal ved kampar, Fotballskule og julegrendacup vert inntektsbringande.

MÅL: Ha god økonomi i fotballgruppa, sånn at vi kan investere i nødvendig utstyr som t.d. tribune, innbyttarbenkar, gapahuk til bruk om sommer/ lagring av mål om vinter, ledlys på stadion (KGB og grasbane).

Tiltak:

- Jobbe for å halde på reklamesponsorar, skaffe nye sponsorar. Utvikle programbladet, halde kostnadane nede. Skaffe oss medieomtale før sesong, snakke varmt om næringslivet og kor viktig midlane deira er for arbeidet vårt.

Valldal, 12.03.2019

Styret

ARBEIDSPLAN 2019

VALLDAL IL - FRIIDRETT

Hovudmål:

Større interesse for og deltaking i friidrett

Arbeidsområde:

Utdanning:

Målsetjinga er å rekruttere trenarar, instruktørar og dommarar. Tilbod om kurs?

Aktivitet:

Friidrettscup og Storfjordstemne i samarbeid med naboklubbane.

Mål:

- minst 40 deltakarar med samanlagtpremie for deltaking i tre eller fleire cupar
- Å skape større interesse for friidrett generelt
- å delta i fleire stafettar

Tiltak:

- meir samarbeid med naboklubbane
- aktiv marknadsføring av arrangement gjennom facebook og heimeside
- engasjere gjestetrenarar som kan motivere og inspirere

Rekruttering:

- Satse på rekruttering av flest mogleg gjennom friidrettscupen.
- Tilbod om friidrett i idrettskulen.
- Betre tilrettelegging/organisering for dei som vil delta aktivt.

Likestilling og mangfald:

Mål:

- like mange aktive begge kjønn, unge og vaksne.
- Deltaking i ulike typar øvingar og løp på bane, landeveg, i terreng og motbakke

Tiltak:

- Arrangere uformelle treningar i td. motbakke i forkant av Mefjellet opp for å auke motivasjon og deltaking.

Resultat:

Mål:

- 2-3 utøvarar som kan hevde seg på krets nivå og/eller nasjonalt i ulike øvingar eller løp på eller utanfor bane.

Økonomi:

Det bør vere god nok økonomi i gruppa til å kunne dekke startkontingent og støtte dei som vil delta på større stemner utanfor nærområdet. For å få til dette må vi skaffe meir inntekter gjennom mellom anna eigne arrangement.

ARBEIDSPLAN 2019

VALLDAL IL – SKI

Hovedmålsetning for Valldal il ski

Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennssporten for personar i alle aldrar og på alle nivå.

Delmål

1. Skape gode treningsforhold for breidde og topp.
2. Flest mulig løparar i Storfjordlangrenn.
3. Halde økonomien i pluss.
4. Halde same nivået på breidde i arrangement (skikafe, skirenn, trening)
5. Løfte fram helsebringande naturopplevingar og klubbhuset som ein hyggeleg møteplass i skisesongen.

Arbeidsområde:

Utdanning

- Holde høgt nivå på trenere. Dette gjeres kontinuerlig gjennom kursing, fagforum og støtte opp under treningsaktivitet. Egen fb side for trener i vil ski der en utveklser erfaringer og økteksemler. Delta med trenere på kretsen sine fagforum (vår og høstmøte). Kjøre skiskyttereskule kvar høst ved behov.

Aktivitet

- Legge til rette for flere treninger i laget pr uke frå skulestart til påske.
- Skitrening, styrketrening, skiskyttertrening. Holde skikafe en dag pr uke frå januar til påske.

Rekruttering

- Legge tilrette for at det skal være kjekt å være på trening. Legge opp til varierte, lystbetonte og interssante treninger. Lav terskel for å bli med på ski og skiskyting. Laget har utlånski, rullleski og skiskyttervåpen til leie.

Likestilling og mangfold.

- En skal legge tilrette for utøvere på alle nivå. Det tilbys tre ulike treningsgrupper med ulik nivådeling og ulikt innhold.

Anlegg

- Sørge for at det er tilfredstillende anlegg for trening på barmark og snø. Holde jevnlig trakking på snø. Oppgradere skiskytteranlegg til å kunne benyttes hele året.
- Tilrettelegge reservearena for lettere bruk ved lite snø på Omnos , høst og milde perioder.